2.7 Råstoffutvinning

Temanotat

Forarbeid til kommuneplanens arealdel

HJELMELAND KOMMUNE – HØYRINGSUTKAST 2026

Innhald

1. Innleiing 2
2. Arealreserven i Hjelmeland kommune 2
3. Generelle innspel 3
4. Kartfesta innspel 3

Innspel 103 Sanduttak – Storhogg-Melandsmoen, Jøsenfjorden 5
Innspel 105/BRP 5 – Sanduttak – Tjentland, Årdal 7
Innspel 139/BRP 1 - Ingvaldstad masselager 9
BRP 2 - 91/2 – Sandanger 11
BRP 3 - 27/5 – Moen, Jøsenfjorden 13
BRP 4 - Laugalandsbrekka, Vormedalen 15
BRP 6- Omsynssone Riveland, Årdal 16
BRP 6- Omsynssone Knutsvikheia, Jøsneset 18
Politisk innspel – massemottak Riskedal 19
Politisk innspel – kombinert næring/massemottak, Barnevik, Fister 20

5. Planvask – vurdering av områda i gjeldande kommuneplan 21

RS1 Kleppaheia – Hjelmeland 22
S3 Kåda, Randøy 23
RS4 Vikemoen, Vormedalen 25
RS5 Litlemo ved Moldbakken – Jøsenfjorden 26
RS6 Tysdal – Årdal 27
RS 7 – Mjølhus, Hjelmeland 29
RS 8 – Krossleite, Jøsenfjorden 30
RS9 – Svadberg, Årdal 32
RS10 – Mæle, Årdal 34
R117 Soppeland 35

6. Oppsummering/arealrekneskap 37
7. Konsekvensutgreiing og ROS vurderingar 39

Innspel 103 Sanduttak – Storhogg-Melandsmoen, Jøsenfjorden 39
Innspel nr 105 / BRP 5 – Sanduttak – Tjentland, Årdal 42
Innspel 139/BRP 1 - Ingvaldstad masselager 45
BRP 2 - 91/2 – Sandanger 48
BRP 3 - 27/5 – Moen, Jøsenfjorden 51
BRP 4 - Laugalandsbrekka, Vormedalen 53
RS3 Kåda, Randøy 56
RS 8 – Krossleite, Jøsenfjorden 59

RS10 – Mæle, Årdal 63
R117 Soppeland 66
Politisk innspel – massemottak Riskedal 70
Politisk innspel – kombinert næring/massemottak, Barnevik, Fister 73

1. Innleiing

Temaet omhandlar areal for uttak av byggeråstoff. Delar av innspela som er vurdert er innspel som først kom inn til kommunedelplan for byggeråstoff.

I arealstrategien er det gitt følgjande føring:

- Gjennom konsekvensutgreiing levert av utbyggar/tiltakshavar skal områda i kommunedelplan byggeråstoff vurderast for vidareføring til kommuneplanen sin arealdel.

Ut over dette seier arealstrategien først og fremst noko om kva konfliktar ein vil unngå, og elles lite direkte relevant for byggeråstoff.

Eit av innspela frå kommunedelplan for byggeråstoff gjeld område for masselagring. Det har eit eige føremål i kommuneplanen – massemottak. Det vert likevel omtala i dette kapittelet.

2. Arealreserven i Hjelmeland kommune

Framtidige råstoffområder i gjeldande kommuneplan

Nr	Stad	Tiltak
RS1	Kleppaheia	Steinbrot
RS3	Randåsen	Skifer
RS4	Vikemoen, Tøtlandsvik	Grus
RS5	Litlemoen, Jøsenfjorden	Grus
RS6	Tysdalsvatnet, Årdal	Grus
RS7	Mjølhus	Steinbrot
RS8	Krossleite, Jøsenfjorden	Grus
RS9	Svadberg	Grus
RS10	Mele	Grus

3. Generelle innspel

Det er ingen generelle innspel om byggeråstoff. Temaet er grundig bearbeidd i samband med Kommunedelplan for byggeråstoff og byggeråstoff. Det er imidlertid kome nokre nye innspel i forbindelse med rullering av kommuneplanens arealdel. Hovuddelen av desse er innspel om å *ikkje* opne for masseuttak. Desse er opplista i neste kapittel, og nærare utgreidd for dei områda som har vore aktuelle å ta med vidare i kommuneplanen.

4. Kartfesta innspel

Her følgjer innspel som er kome inn i forbindelse med rullering av kommuneplanen.

Formannsskapet gjorde i sak 040/26 ei prioritering av kva innspel som skulle vurderast i det vidare arbeidet med kommuneplanen.

7. **Råstoffutvinning:**
a) Sand/grus: Nytt innspel om Storhogg/Jøsenfjorden KU/ROS-vurderast vidare, *(endring som følgt:) men ikkje innspelet for det eine av uttaksområda i Årdal* dvs utviding Mele og Tjentland m.a. pga prioritereing andre interesser. Vurdere å planvaske ut tre eldre/urealiserte felt jf Byggeråstoff plan + vurdere å leggje inn føresegn om rekkefølgjekrav ift tilbakeføring av eksisterande felt til ein viss prosent før ein opnar opp nye

b) Pukk/steinbrot : Innspel/tema blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare som formål byggeråstoff til reell 1.gongsbehandling, men innspelsområde Knutsvikheia blir jf plan-og bygningslova § 11-8 f) prioritert som sone med særleg omsyn mineralressurs med retningslinjer om begrensning av verksemd og vilkår for tiltak for å ivareta interessa i sona

Følgjande innspel vart vedtatt å ikkje vurdere nærare:

Innspelsnummer	**Stad**	**Tema**
107	Knutsvikheia	Steinbrot
5, 9, 10, 18, 19, 25, 27, 34, 42, 43, 44, 46, 47, 49, 51, 59, 60, 61, 62, 63, 64, 66, 72, 91, 92, 94, 97, 98, 111, 116,	Knutsvikheia	Nei til steinbrot

117, 120, 124, 126, 127, 128, 129, 130, 133, 134		
104	Årdal	Utviding av RS10
45, 50, 52, 55, 65, 76, 80, 90, 102	Mele	Ønsker ikkje å ta inn sanduttak på 101/2 (RS10)
119	Tjentland	Ta ut R131
126	Espeland	Ta ut RS1 og RS7.

Følgjande innspel er vurdert med ROS og KU:

Innspelsnummer	**Stad**	
103	Storhogg – Melandsmoen	Sanduttak
105 / BRP 5	Tjentland, Årdal	Sanduttak
139/BRP 1	Ingvaldstad masselager	Masselager
BRP 2 (16P)	Sandanger	Pukk
BRP 3 (3G)	Moen, Jøsenfjorden	Sand/Grus
BRP 4 (12G)	Laugalandsbrekka	Sand/Grus
BRP 6 / 87	Omsynssone Riveland	Innspel for og mot omsynssone
BRP 7	Omsynssone Knutsvikheia	Innspel frå byggeråstoffplanen

BRP = Innspel eller tiltak vidareført frå Byggeråstoffplanen

Det er ikkje gjort KU og ROS for dei føreslåtte omsynssonene.

Innspel 103 Sanduttak – Storhogg-Melandsmoen, Jøsenfjorden

Innspel nr 103	
	
Forslagsstillar	Heidelberg Materials Tilslag AS Innspelet er òg ei vidareføring frå **Byggeråstoffplanen**
Eigar	Birgitte Selvikvåg Østerhus, Tore Geir Østerhus, Jone Vermund Vadla; Daiva Balsevice
Stad. Gnr/Bnr	27/1, 27/5, 28/6, 28/1 og 27/7
Gjeldande kommuneplan	LNF Føringar frå **Kommunedelplan Byggeråstoff**: *Det vil vere utfordringar knytt til uttak her: pga bumiljø, naturmangfald, grunnforhold m.a. Men det er ein godt eigna ressurs der det er kome eit konkret innspel, og det er mogleg det kan gjerast tilpassingar/tiltak for å avgrense ulemper.* *Ein tilrår å gå vidare med innspel 3 i planarbeidet.* *KU avdekker konflikt her; naturverdiar, nærmiljø/bumiljø og grunnforhold/marin grense. I tillegg er kommunen si vassforsyning i Jøsenfjorden knytt til borebrønnen. Kvar konsekvens eit eventuelt uttak vil ha for slike forhold vil vera avgjerande for avgrensinga av kva område som eventuelt kan prioriterast i kommuneplanen sin arealdel. Kommunestyret ønskjer at denne lokaliteten vert vurdert vidare inn i kommuneplanen sin arealdel som masseuttaksområde. Omsynet til kommunal vassforsyning må visast særskilt aktsemd.*
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	Ressursen ligg på nordsida av FV 4702, og strekk seg fylkesvegen og opp mot Åsen. Bustader relativt tett på

	innspelsområdet i aust, sør og vest – utmark i nord. Kvernåna renn gjennom lokaliteten
Skildring av forslag	Uttak av sand/grus, jf. Heidelberg sitt innspel til Byggeråstoffplanen.
Arealstorleik	Ca 100 daa
0-alternativ	Dagens situasjon – landbruk

Interessekonfliktar	
Jordvern, naturverdiar, vassdrag. Fare for påverknad på naturmangfald. ift. jordbruk kan dette reetablerast etter enda uttak.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Uttak av sand/grus sentralt i bygdene kan vere utfordrande ift. utvikling av attraktive grender og godt bumiljø. I dette tilfellet ligg uttaksområdet relativt nært Melandsmoen bustadfelt, men samstundes ein del lågare i terrenget. Tre hus tett ved fylkesvegen blir sterkt berørt.
Miljømessig berekraft	I tråd med føring ift. eksisterande næring og tilråding i Byggeråstoffplanen: naturverdiar, nærmiljø/bumiljø og grunnforhold/marin grense. I tillegg er kommunen si vassforsyning i Jøsenfjorden knytt til borebrønnen.
Økonomisk berekraft	Kan vere i strid med føringar for vassdragsforvaltning. Forholdet mellom naturmangfald og naturfare må avvegast i saken, og forholdet til vassdraget som går gjennom innspelsområdet
Samla vurdering	
Scorar dårleg på naturverdiar og er samtidig nært busetnad – som kan gje negative konsekvensar. Samtidig er ressursen verdifull, og ein vurderer derfor at ein kan ta inn innspelet med vilkår som sikrar omsyn til naturmangfaldet.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Ta inn, med vilkår om omsyn til naturmangfald knytt til bekkedrag. Krav om felles plan med BRP 3 Moen.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd, men utan krav om felles plan med BRP3 Moen.	

Innspel 105/BRP 5 – Sanduttak – Tjentland, Årdal





Forslagsstillar	Heidelberg Materials Tilslag AS avd Årdal
Eigar	Tor Olav Tjentland, Sondre Tveit Tjentland
Stad. Gnr/Bnr	137/1, 137/3, 137/4-5
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	Ikkje regulert
Skildring av området	Område for innspelet er landbruksområde med fulldyrka/ beite/skog. Eit par tun med bustadhus og driftsbygningar. Ligg ved RV13.
Skildring av forslag	
Arealstorleik	Ca 234 daa
0-alternativ	Dagens arealbruk, dvs landbruk og ingen uttak

Interessekonfliktar	
Konflikt med jordvern, mogleg avrenning til vassdrag, kulturminne og nærleik til nasjonal turistveg.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Uttak av sand/grus sentralt i bygdene kan vere utfordrande ift. utvikling av attraktive grender og godt bumiljø. Denne lokaliteten ligg eit stykke utanfor Årdal sentrum, men ligg svært sentralt ift. RV 13 . Fire bustadhus konkret inne i uttaksområdet
Miljømessig berekraft	Mesteparten av eit eventuelt uttak vil kome på fulldyrka jord, og denne vil vere sett ut av drift. i uttaksperioden.
Økonomisk berekraft	Det er ei føring frå byggeråstoffplanen om å vurdere for vidareføring i arealdelen, og me skal satse på eksisterande næringar. Samstundes ligg arealet ligg tett på Nasjonal turistveg, og er utfordrande ift. kulturmiljø m.a. automatisk freda kulturminne. Tjentlandsberget er ein markant ås, og uttak i denne vil bli svært synleg/irreversibelt
Samla vurdering	

Området ligg godt til rette ift. infrastruktur og nærleik til RV 13, samtidig store konfliktar med landbruk, miljø og kulturminne.
Kommunedirektøren si tilråding
Innspelet vert ikkje imøtekome, behalde området som LNF.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Området er tatt inn i forslag til ny arealdel.

Innspel 139/BRP 1 - Ingvaldstad masselager





Forslagsstillar	Lars Ole Ingvaldstad / vidareført frå byggeråstoffplanen og formannskapsvedtak feb 26
Eigar	Lars Ole Ingvaldstad
Stad. Gbnr	95/2
Gjeldande kommuneplan	LNF. LNF spreidd bustad SB14 nord for området, bandleggingssone BO19 kulturminne/Prestavegen like sør for området
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	Det har vore sporadisk mindre masseuttak her sidan 1930; starta ute ved RV 13 av Statens Vegvesen, og òg privat/mindre/sporadisk uttak. Det er pr i dag eit ope hol i terrenget; blir kun nytta til lagring. Det er avkøyrsle frå RV13, og dermed enkel tilkomst på kort veg (ca. 250 m).
Skildring av forslag	Masselager
Arealstorleik	
0-alternativ	Dagens arealbruk LNF

Interessekonfliktar	
Kun lokale interessekonfliktar ift. kringliggande busetnad.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Masselagring nært bustadområde kan vere utfordrande ift. utvikling av attraktive grender og godt bumiljø. Området ligg mellom to område for spreidd busetnad, men det er ikkje tilrådd vidare utbygging her.
Miljømessig berekraft	Slår ikkje spesielt ut ift. denne strategien
Økonomisk berekraft	I tråd med føringa om å prioritere næring og om gjenbruk av areal.
Samla vurdering	

Få konflikter og liten risiko.
Kommunedirektøren si tilråding
Imøtekome innspelet og ta området inn med føringar om bruk. Arealet får føremål massemottak.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Innspelet er tatt inn i forslag til ny arealdel som kombinert føremål massedeponi/næring.

BRP 2 - 91/2 – Sandanger





Tiltakshavar i området	Ullestad Jansen AS driv på midlertidig dispensasjon. Det er ikkje sendt inn innspel til arealdelen.
Eigar	Ola Martin Øye
Stad. Gbnr	91/2
Gjeldande kommuneplan	LNF spreidd bustad
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	Liten knaus nær tun på 91/2 og tett inn til fylkesveg 4680. Pågåande sporadisk uttak av stein. Knausen var ca. 4,5 daa, med høgd på 10-15 m. Totalt uttaksvolum er rekna til 59 500 m3 (160 000 tonn), derav ca. 8000 daa tatt ut pr sept. 25.
Skildring av forslag	**Innspelet er ei vidareføring frå Kommunedelplan byggeråstoffplan, 2025, sitat vedtak:** *Delar av ressursen er allereie teken ut. Vidare drift. krev nytt vedtak. Ressursen er liten og har relativt frå konfliktar. Uttak av ressursen er påbegynt men ikkje sluttført innafor frist gitt i dispensasjonsløyve. Vil vera relevant å vidareføra i planarbeidet. Kommunestyret ønskjer at ressursen vert vurdert vidare inn i kommuneplanen sin arealdel.*
Arealstorleik	Snautt 5 daa
0-alternativ	Dagens arealbruk

Interessekonflikter	
Uttaksområdet ligg i gjeldande område for LNF spreidd bustad. Sjølv utan uttak kan det likevel ikkje byggjast bustad på det konkrete arealet pga. nærleik til tun og fylkesveg, men det kan vere konfliktfylt med pågåande steinuttak i nærleik av busetnad. Det er difor sett vilkår om at det ikkje skal etablerast nye bustader på bruket før uttaket er ferdig.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Uttak av sand/grus sentralt i bygdene kan vere utfordrande ift. utvikling av attraktive grender og godt bumiljø.
Miljømessig berekraft	Slår ikkje spesielt ut.

Økonomisk berekraft	I tråd med føringa om å prioritere næring og tilråding i Byggeråstoffplanen.
Samla vurdering	
Uttaket er svært lite, marginalt og tidsavgrensa, og det gjenstår avgrensa massar. Det bør vere godt mogleg å ta ut all masse og tilbakeføre arealet innan den tidsavgrensinga som dispensasjonen set vilkår om, altså juni 2028.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Ikkje legge arealet inn som råstoffutvinning. Endrast til LNF, jf.. vurdering av LNF-spreidd bustad område SB2.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilråding.	

BRP 3 - 27/5 – Moen, Jøsenfjorden



Tiltakshavar i området	
Eigar	Tore Geir Østerhus
Stad. Gbnr	27/3,5 28/1,3
Gjeldande kommuneplan	LNF Konklusjon og føring frå **Kommunedelplan Byggeråstoff**: *Relativt få store konfliktar knytt til innspelsområdet. Men kunnskapen om ressursen er avgrensa, og truleg lokal karakter. Ein tilrår å ta innspelsområdet med vidare i planarbeidet, men ikkje heile ressursen* *Her er nokre raude tema i KU: Heile ressursen ligg i aktsemdssone marin leire, og eit par gardstun ligg like i nærleiken.* *Kommunestyret ønskjer at denne lokaliteten vert vurdert vidare inn i kommuneplanen sin arealdel som masseuttaksområde.*
Gjeldande reguleringsplan	Uregulert
Skildring av området	Landbruksområde med tun, beite og fulldyrka
Skildring av forslag	Masseuttak
Arealstorleik	
0-alternativ	Dagens arealbruk

Interessekonfliktar	
Bumiljø ift. støv/støy, elles lite konflikt om ein legg til grunn at tiltaket sikrar tilstrekkeleg mot avrenning til vassdrag.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Uttak av sand/grus sentralt i bygdene kan vere utfordrande ift. utvikling av attraktive grender og godt bumiljø.
Miljømessig berekraft	I tråd med føring ift. eksisterande næring og tilråding i Byggeråstoffplanen.
Økonomisk berekraft	I strid med føring om jordvern.

Samla vurdering
Scorar dårleg på naturverdiar og er samtidig nært busetnad – som kan gje negative konsekvensar. Samtidig er ressursen verdifull, og ein vurderer derfor at ein kan ta inn innspelet med vilkår som sikrar omsyn til naturmangfaldet.
Kommunedirektøren si tilråding
Ta inn, med vilkår om omsyn til naturmangfald knytt til bekkedrag. Krav om felles plan med Storhogg – Melandsmoen.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Innspelet er tatt inn som omsynssone i forslag til ny arealdel.

BRP 4 - Laugalandsbrekka, Vormedalen





Tiltakshavar i området	
Eigar	Timothy Lee Laugaland
Stad. Gbnr	45/6
Gjeldande kommuneplan	LNF, omsynssone snøras
Gjeldande reguleringsplan	Ikkje regulert
Skildring av området	Ressursen ligg i Laugalandsbrekka og består pr i dag av skog og open fastmark.
Skildring av forslag	Vidareført frå Byggeråstoffplanen
Arealstorleik	Storleik på ressurs: 39 daa.
0-alternativ	Dagens situasjon

Interessekonfliktar	
Området er skogkledd og aktuelt for uttak av skog. Elles ingen interessekonflikt	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Slår ikkje spesielt ut.
Miljømessig berekraft	I tråd med føring ift. næring og tilråding i Byggeråstoffplanen
Økonomisk berekraft	Slår ikkje spesielt ut.
Samla vurdering	
Ressursen er relativt liten og har såleis lokal verdi, men har samtidig heller ikkje særleg konfliktar.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Ta inn i kommuneplanen som uttaksområde	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilråding.	

BRP 6- Omsynssone Riveland, Årdal



Tiltakshavar i området	
Eigar	
Stad. Gbnr	
Gjeldande kommuneplan	LNF Kommunedelplan Byggeråstoff, føring: Vedtak kommunestyret sak 11/25*: Austre del av ressursområde 25 G, som hensynssone. dvs frå Kyrkjbrauta/ Storemo til og med klekkeriet, men kun nordsia av åna*. Dette inneber: Føring til kommuneplanens arealdel at området blir lagt inn som sone med særleg omsyn til mineralressursen, jf. plan- og bygningslova § 11-8, c) + retningslinje om at det ikkje skal gjerast tiltak i området som vil forringe eller hindre framtidig uttak av mineralressursen som td byggetiltak/store terrenginngrep og arealbruksendringar. Målet er å ivareta ressursen for eit eventuelt mogleg framtidig uttak. Kommunestyret ønskjer at denne lokaliteten vert vurdert vidare inn i kommuneplanen sin arealdel som omsynssone, men at **området blir justert slik at tun og bygningar ligg utafor omsynssona**.
Gjeldande reguleringsplan	
Skildring av området	
Skildring av forslag	Hensynssone, for i bevare ressursen for å ha moglegheit til framtidig uttak. Vurderingane nedanfor knyt seg til bruk av omsynssona, ikkje til konsekvensar ved ev uttak.
Arealstorleik	
0-alternativ	Dagens arealbruk, utan restriksjonar

Interessekonfliktar	
Det er kome innspel om å *ikkje* legge inn omsynssone då dette legg begrensingar for vidareutvikling av landbrukseigedommane.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Slår ikkje spesielt ut.
Miljømessig berekraft	Slår ikkje spesielt ut.
Økonomisk berekraft	Kan vere i strid med mål om å sikre levedyktig landbruk, samtidig som det er i tråd med føring om å vidareføre konklusjonane frå byggeråstoffplanen.
Samla vurdering	
Omsynssone vil bevare mineralressursen, men kan samtidig gje noko avgrensingar for framtidig landbruksdrift. dersom det er ynskje om endringar ift. i dag. Når området ligg som LNF vil det ikkje vere lagt til rette for tiltak som forringar ressursen. Ei ev utvikling innanfor LNF føremålet vil ev gjere frigjeving av areal før framtidig uttak meir kostbart, men vil ikkje gjere uttak vesentleg vanskelegare. I dette tilfellet veg omsynet til landbruksdrift på eigedommane tyngre enn økonomisk tilrettelegging for uttak av ressursen.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Innspelet vert ikkje tatt til følgje, området vert behalde som LNF utan omsynssone.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Innspelet er tatt inn i forslag til ny arealdel.	

BRP 6- Omsynssone Knutsvikheia, Jøsneset



Tiltakshavar i området	
Eigar	Fleire
Stad. Gbnr	13/1, 2, 7 og 17, 15/1, 6 og 7 m.fl
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	-
Skildring av området	-
Skildring av forslag	Omsynssone, for i bevare ressursen for å ha moglegheit til framtidig uttak. Vurderingane nedanfor knyt seg til bruk av omsynssona, ikkje til konsekvensar ved ev uttak.
Arealstorleik	
0-alternativ	Dagens arealbruk

Interessekonfliktar	
Det er mange meiningar om bruk av Knutsvikheia. I forhold til dagens arealbruk er det lite konfliktar knytt til å legge omsynssone	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Slår ikkje spesielt ut.
Miljømessig berekraft	Slår ikkje spesielt ut.
Økonomisk berekraft	
Samla vurdering	
FSK sak 040/26: Innspel/tema blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare som formål byggeråstoff til reell 1.gongsbehandling, men innspelsområde Knutsvikheia blir jf. plan- og bygningslova § 11-8 c) prioritert som sone med særleg omsyn mineralressurs med retningslinjer om begrensning av verksemd og vilkår for tiltak for å ivareta interessa i sona.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Omsynssone jf. formannskapsvedtak	

Politisk innspel – massemottak Riskedal



Gjeldande kommuneplan – forslag til ny arealdel

Forslagsstillar	
Eigar	Rune Riskedal
Stad. Gbnr	99/6
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	Området er i hovudsak fulldyrka areal, men med noko myr. Kort avstand til Rv13 med eksisterande landbruksavkøyrsle.
Skildring av forslag	Masselager
Arealstorleik	18 daa
0-alternativ	Dagens arealbruk LNF

Interessekonfliktar	
Jordvern ifht dyrka mark og naturinteresser ifht myr.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Slår ikkje spesielt ut ift. denne strategien
Miljømessig berekraft	Negativt ifht endring av myr.
Økonomisk berekraft	I tråd med føringa om å prioritere næring.
Samla vurdering	
Liten risiko, få sosiale konflikter men negativt ifht bruk av fulldyrka mark og myrareal.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Innspelet er tatt inn i forslag til ny arealdel.	

Politisk innspel – kombinert næring/massemottak, Barnevik, Fister





Område	I15 – framtidig Næring – Utviding av eksisterande industriområde
Eigedom	73/1
Kommuneplanen	Kom inn i kommuneplanen 2019. Krav til KU/ROS. Omsynssone felles planlegging Temakart snøras
Føringar i Kommuneplanen	Krav om felles reguleringsplan med regulert areal i R56. Krav om at strandsone mellom veg og sjø blir regulert til grøntstruktur eller LNF, og at det blir regulert inn ca. 20 m brei sone på oppside av veg til grøntstruktur. Dypvannskaien skal vere tømmerkai.
Status område	Ubebygd. Ikkje vore planinitiativ i perioden
Storleik	
Ubebygd areal (planreserven)	53 daa
Markslag (AR5) i planreserven	Skog: 53 daa
KU/ROS	Kommuneplanen 2019

Vurdering
Bruk av området som næringsareal er vurdert i temanotat Næring. Denne utgreiinga omhandlar bruk som massemottak. I forslag til arealdel er området lagt med kombinert føremål massemottak og næring. Det er ikkje særlege negative konsekvensar med dette området, gitt at ein beheld ei vegetasjonssone rundt område, og mot bekken mot vest.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre med retningslinjer som i gjeldande plan.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Tatt inn i forlag til ny arealdel som kombinert område massemottak/næring.

5. Planvask – vurdering av områda i gjeldande kommuneplan

OMRÅDE I GJELDANDE KOMMUNEPLAN			
Nr	**Namn**		**Tilråding**
RS1	Kleppaheia		Ta ut
RS3	Kåda		Vidareføre
RS4	Vikemoen		Ta ut
RS5	Litlemo		Ta ut
RS6	Tysdal		Ta ut
RS7	Mjølhus		Ta ut
RS8	Krossleite		Vidareføre
RS9	Svadberg		Vurderast under tema næring
RS10	Mæle		Ta ut

RS1 Kleppaheia – Hjelmeland





Område	
Eigedom	64/3
Kommuneplanen	Ja
Føringar i Kommuneplanen	Steinbrot
Status område	Ingen uttak påbegynt
Storleik	22 daa
Ubebygd areal (planreserven)	22 daa
Markslag (AR5) i planreserven	22 skog
KU/ROS	Blei konsekvensutgreidd i Byggeråstoffplanen, med følgjande konklusjon: *Det er ikkje kartlagd store konfliktar i området, men ressursen er truleg liten og ein har lite kunnskap om den. Har vore inne i kommuneplanens arealdel sidan 2006 utan å bli realisert. Tilrår å ikkje gå vidare med den i planarbeidet, og ta RS1 ut av kommuneplanens arealdel som råstoffutvinningsområde*

Vurdering
Viser til vurderingar gjort i KU for kommunedelplan byggeråstoff, der ein tilrår å ta ut området. Det er kome innspel om å ta ut området.
Kommunedirektøren si tilråding
Ta ut som råstoffutvinningsområde og tilbakeføre til LNF.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

S3 Kåda, Randøy



Område	Ligg i sørskråninga sør for Randåsen. Har vore eldre steinbrot/uttak av hellestein skifer i området
Eigedom	88/1 og 2
Kommuneplanen	Ja
Føringar i Kommuneplanen	Reguleringsplankrav for eventuelt nytt uttak. Uttak i området skal ta særskild omsyn til registrert naturkvalitet i området jf. Naturbasen– kystfuruskog. Skiferstein
Status område	Uttak ikkje igongsett
Storleik	55 daa
Ubebygd areal (planreserven)	55 daa,
Markslag (AR5) i planreserven	Ca 28 daa open fastmark,
KU/ROS	Blei konsekvensutgreidd i Byggeråstoffplanen, med følgjande konklusjon: *Konflikt med kartlagd naturkvalitet med høg verdi. Har vore inne i kommuneplanen i fleire planperiodar utan interesse eller realisering. Tilrår å ikkje gå vidare med den i planarbeidet, og ta RS3 ut av kommuneplanens arealdel som råstoffutvinningsområde* Vedtak: Kommunestyret vedtok i byggeråstoffplanen å ta den med vidare.

Vurdering Arealstrategi	
Sosial berekraft	Steinuttak kan vere i konflikt med attraktivt bumiljø ift. støy og trafikk, men tilrettelegging for arbeidsplassar /næringsaktivitet kan vere med å oppretthalde busetjing.
Økonomisk berekraft	I tråd med føring om næringsareal, men samtidig står det at det skal vurderast opp mot konfliktpotensialet for andre interesser. Dette feltet ligg i direkte konflikt med naturinteressene. Føringa legg elles opp til konsekvensutgreiing frå utbyggar/tiltakshavar. I dette tilfellet føreligg det ingen utbyggjar/tiltakshavar og ingen innspel til KPA.
Miljømessig berekraft	I strid med denne føringa då me allereie har kunnskap om viktige naturverdiar i området, og i strid med målet om å redusere inngrep i viktig natur.

Vurdering
Det har ikkje vore vist interesse frå aktørar å ta ut stein her, men ved behandling av byggeråstoffplanen sendte grunneigarane inn innspel om å kunne behalde arealet som råstoffutvinningsområdet. Dette blei ikkje fulgt opp med innspel til arealdelen, men føringa var vedtatt. Området er naturkartlagd på nytt og naturtypen har fått ny avgrensing, derfor er konflikten med naturinteressene lågare enn først antatt. Utsnitt nedanfor syner kartlagd naturtype i lilla, og avgrensing i gjeldande kommuneplan med blå linje. 
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre området med justering mot registrerte naturtypeområde.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

RS4 Vikemoen, Vormedalen



Område	Ligg mellom elva Vorma og kommunal veg Vormedalsvegen
Eigedom	35/1
Kommuneplanen	Ja
Føringar i Kommuneplanen	Reguleringsplankrav for eventuelt nytt uttak
Status område	Sørlege del er tatt ut. Restressurs i nord
Storleik	Ca 58 daa
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 58 daa
Markslag (AR5) i planreserven	Ca 28 daa fulldyrka jord og ca 30 daa skog
KU/ROS	Blei konsekvensutgreidd i Byggeråstoffplanen, med følgjande konklusjon: «*Uttak her er konfliktfullt ift. nærleik/verdiar knytt til verna vassdrag Vorma + aktsemdsoner for skred og kvikkleire. Tilrår ikkje å gå vidare med området i planarbeidet, og at ressursen RS4 skal utgå frå kommuneplanens arealdel, og endrast til LNF* «

Vurdering
Viser til vurderingar gjort i KU for kommunedelplan byggeråstoff. Vidare uttak er vurdert som konfliktfylt, og ifl NGU-vurdering er restressursen uansett kun av lokal verdi. Det har ikkje vore vist interesse frå aktørar å ta ut restmassen, heller ikkje innspel til byggeråstoffplanen eller kommuneplanen sin arealdel om uttak her. Ved endeleg behandling av byggeråstoffplanen blei det heller ikkje vurdert å leggje inn omsynssone for å bevare ressursen. Føring frå byggeråstoffplanen er såleis å planvaske arealet ut.
Kommunedirektøren si tilråding
Ta ut som råstoffutvinningsområde og tilbakeføre til LNF.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

RS5 Litlemo ved Moldbakken – Jøsenfjorden



Område	Litlemo ved Moldbakken, Jøsenfjordvegen
Eigedom	Hovudsakleg 32/1, litt inn på 31/5
Kommuneplanen	Ja
Føringar i Kommuneplanen	Grus, krav om reguleringsplan for meir uttak
Status område	Kartlagd ressurs jf. NGU var opphavleg ca. 20 daa, som blei vurdert som god til vegformål. Det har vore uttak her i perioden 2005-2008, og det er nå kun ein liten restressurs igjen.
Storleik	8,5 daa
Ubebygd areal (planreserven)	8,5 daa
Markslag (ar5) i planreserven	Jorddekt innmarksbeite og skog
KU/ROS	Nei

Vurdering
Det har ikkje vore vist interesse for uttak av den eventuelle restressursen, heller ikkje gjennom arbeidet med kommunedelplan byggeråstoff eller nå til kommuneplanen sin arealdel. Årsak kan nok vere at den både er for liten og at restressursen er ikkje godt eigna som byggeråstoff. I Byggeråstoffplanen blei den ikkje konsekvensutgreidd vidare, og tilrådinga frå byggeråstoffplanen er å ta området ut.
Kommunedirektøren si tilråding
Ta ut som råstoffutvinningsområde og tilbakeføre til LNF.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

RS6 Tysdal – Årdal





Område	Vest for Tysdalsvatnet, Ryfylkevegen
Eigedom	134/3,5
Kommuneplanen	
Føringar i Kommuneplanens arealdel	Ingen,
Føringar i Kommunedelplan Byggeråstoff	Ta ut som byggeråstoffområde pga. delvis tatt ut ressurs og delvis konfliktfylt jf. KU
Status område	Delvis tatt ut og elles aktiv landbruksdrift. på området.
Storleik	Ca 134 daa
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 134 daa
Markslag (AR5) i planreserven	Ca 40-50 daa fulldyrka, Ca 30 daa overflatedyrka, resten innmarksbeite
KU/ROS	Blei konsekvensutgreidd i Byggeråstoffplanen, med følgjande konklusjon: *Konfliktfylt å ta ut ressursen pga. kulturminne-verdiar, naturverdiar, bumiljø og landskaps-påverknad. Tilrår å ta ut råstoffutvinnings-område RS6 av kommuneplanens arealdel Kan eventuelt vere aktuelt å legge inn omsynssone for å sikre ressursen.*

Vurdering
Viser til vurderingar gjort i KU for kommunedelplan byggeråstoff. Vidare uttak er vurdert som konfliktfylte, og ifl NGU-vurdering er restressursen uansett kun av lokal verdi. Det har ikkje vore vist interesse frå aktørar å ta ut restmassen, heller ikkje innspel til byggeråstoffplanen om uttak her. Ved endeleg behandling av

byggeråstoffplanen var det nokre områder som blei tilrådd å leggje ut som omsynssone for å sikre ressursen, men dette område var ikkje eitt av dei. Føringane frå Byggeråstoffplanen er å ta ut arealet.
Kommunedirektøren si tilråding
Ta ut som råstoffutvinningsområde og tilbakeføre til LNF.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

RS 7 – Mjølhus, Hjelmeland





Område	Området ligg i utmarka, ca. 400 m sør for RV13 Ryfylkevegen
Eigedom	70/3
Kommuneplanen	Kom inn i kommuneplanen i 2011
Føringar i Kommuneplanen	*«Steinbrot, Plankrav det m.a. landskapsomsyn og avbøtande tiltak for ev risiko skal sikrast»*
Status område	Ingen uttak påbegynt
Storleik	39 daa
Ubebygd areal (planreserven)	39 daa
Markslag (AR5) i planreserven	39 daa skog
KU/ROS	Blei konsekvensutgreidd i **Byggeråstoffplanen**, med følgjande konklusjon: *Det er ikkje store konfliktar i området, men ressursen er truleg liten og ein har lite kunnskap om den. Har vore inne i kommuneplanens arealdel sidan 2011 utan å bli realisert. Tilrår å ikkje gå vidare med den i planarbeidet, og ta RS7 ut av kommuneplanens arealdel som råstoffutvinningsområde*

Vurdering
Viser til vurderingar gjort i KU for kommunedelplan byggeråstoff. Området er ikkje registrert i NGU sin oversikt. Det har ikkje vore vist interesse frå aktørar å ta ut restmassen, heller ikkje innspel til byggeråstoffplanen eller kommuneplanen sin arealdel om uttak her. Ved endeleg behandling av byggeråstoffplanen blei det heller ikkje vurdert å leggje inn omsynssone for å bevare ressursen. Føring frå byggeråstoffplanen er såleis å planvaske arealet ut.
Kommunedirektøren si tilråding
Ta ut som råstoffutvinningsområde og tilbakeføre til LNF.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

RS 8 – Krossleite, Jøsenfjorden





Område	Ligg like vest for elva Ulla og fylkesveg 4702, Jøsenfjordevegen.
Eigedom	29/2
Kommuneplanen	Nei, kom inn i kommuneplanen 2019.
Føringar i Kommuneplanens arealdel	Krav om KU før reguleringsplan. Krav om at ein finn gode landskapsmessige løysingar ift. fylkesveg/elv i aust.
Føringar i Kommunedelplan Byggeråstoff	Blei konsekvensutgreidd i Byggeråstoffplanen, med følgjande konklusjon: *Ein tilrår å oppretthalde søndre del av ressursområdet som framtidig uttaksområde i kommuneplanen med krav om KU/ROS før uttak. Resterande del er tatt ut. For dette området er det ikkje raude felt i KU, men ein god del gule. Dette går m.a. på naturverdiar og at ein ikkje har stort kunnskap om sjølve ressursen. Kommunestyret ønskjer at denne lokaliteten vert vurdert vidare inn i kommuneplanen sin arealdel som masseuttaksområde.*
Status område	Del av eit opphavleg større ressursområde, der nordlege del er tatt ut. Restressursen omfattar òg arealet under tunområdet Holmen (som ligg som LNF) og denne RS8-avgregrensinga. NGU karakteriserer ressursen som av lokal karakter.
Storleik	Ca 42 daa
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 42 daa
Markslag (AR5) i planreserven	Ca 11 daa fulldyrka jord, Ca 16 daa innmarksbeite, ca. 15 daa skog
KU/ROS	Ja, til Kommuneplan 2019 og til Byggeråstoffplanen 2024, sjå utsnitt under

Vurdering Arealstrategi	
Sosial berekraft	Lite fast busetnad i nærmiljøet her. Slår ikkje spesielt ut ift. denne strategi.
Økonomisk berekraft	I tråd med føring om næringsareal, og uttak her ser ikkje ut til å vere svært konfliktfylt ift. andre interesser, sjå KU over. Føringa legg elles opp til konsekvensutgreiing frå utbyggar/tiltakshavar. I dette tilfellet føreligg det ingen utbyggjar/tiltakshavar og ingen innspel til KPA.
Miljømessig berekraft	Viser til KU over, er ikkje vurdert som særskild konfliktfylt. Området er ikkje naturkartlagd, Det vil vere ei føresetnad ved regulering.

Vurdering
Næringsaktørar har ikkje vist interesse for uttak i området, kommunen mottok ikkje innspel verken til byggeråstoffplanen eller arealdelen. Føringane frå Byggeråstoffplanen er å vidareføre arealet som råstoffutvinningsområde.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre som råstoffutvinningsområde
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

RS9 – Svadberg, Årdal



Område	Området ligg sør for industriområdet på Svadberg, og like vest for Storåna.
Eigedom	139/10
Kommuneplanen	Nei, kom inn i kommuneplanen i 2019.
Føringar i Kommuneplanens arealdel	*Masseuttaksområde RS9 og industriområde I14 må sjåast i samanheng. Ein må i tillegg til masseuttak og utviding av næringsareal ta høgd for Årdalstunnelen og areal til lagring av tunnelmasse. Her må det lagast ein detaljreguleringsplan som gir rom for masseuttak for så å allokere areal til landbruk, næring, ny veitrasé hensyntatt fornminner. Ta omsyn til eksisterande tilkomstveg til beite/camping. Krav om KU/ROS før regulering* **AFU-vedtak 07/23 med nye føringar**: Krav om felles plan industri er tatt ut, og føring om at arealet etter masseuttak skal tilbakeførast «hovudsakleg til landbruk»
Føringar i Kommunedelplan Byggeråstoff	*Området ligg inne i gjeldande kommuneplanens arealdel, og det sett i gong arbeid med regulering. I samband med det arbeidet vert det utfyllande KU/ROS. Ein vil vidareføra dette området i revidert arealdel.* *Kommunestyret ønskjer at denne lokaliteten vert vurdert vidare inn i kommuneplanen sin arealdel som masseuttaksområde.* Blei ikkje konsekvensutgreidd i Byggeråstoff-planen 2025 pga regulering var igongsett
Status område	Uttak er ikkje igongsett. Reguleringsplanarbeidet har stansa opp pga kulturminnefunn
Storleik	Ca 108 daa
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 108 daa

Markslag (AR5) i planreserven	Ca 45 daa fulldyrka, Ca 15 daa overflatedyrka, ca 12 daa innmarksbeite, ca 36 daa skog
KU/ROS	Ja, til kommuneplanen 2019

Vurdering
Det aktuelle arealet på Svadberg er også gjenstand for vurdering ift. tema næring. Vurdering av området er derfor lagt i kapittel for næring, og vert ikkje vurdert eller tilrådd her.
Kommunedirektøren si tilråding

RS10 – Mæle, Årdal




Område	Arealet ligg sentralt i Årdalsbygda, inntil RV13 og like vest for Årdalstunet næringsområde.
Eigedom	100/1,10, 13,18 Schrister Mæhle 100/ 4,12,14 Ola Ur og Johanna Lunde 100/3 Tårn Sigve Schmidt 101/2,9,11,17 Helge Mæle
Kommuneplanen	Kom inn i kommuneplanen i 2019
Føringar i Kommuneplanens arealdel	Krav om KU før detaljregulering. Ta omsyn til god avgrensing ift. bustader og landskap. Ivareta moglegheita for god landskaps-og støyskjerming til framtidig vegtrasè RV13; sjå desse tiltaka I samanheng.
Føringar i Kommunedelplan Byggeråstoff	Blei konsekvensutgreidd i **Byggeråstoffplanen**, med følgjande konklusjon: RS 10 Mele + utvidingsområde i aust mot Årdalstunet skulle vurderast inn i arealdelen I **grovsilingsaken 40/26** til arealdelen vedtok forøvrig formannskapet at utvidingsarealet ikkje skulle vurderast vidare pga prioritering av andre interesser. Difor er det **kun arealet som ligg i kommuneplanen frå før RS10 som blir vurdert vidareført**.
Status område	Uttak ikkje igangsett eller regulert
Storleik	Ca 100 daa
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 100 daa
Markslag (AR5) i planreserven	Ca 92 daa fulldyrka jord, Ca 6 daa innmarksbeite, Resten skog og bebygd/veg

Vurdering
Området scorar dårleg ift. jordvern, landskap og bumiljø. Det er konfliktfylt å opne for uttak så sentralt i bygda.
Kommunedirektøren si tilråding
Ta ut som råstoffutvinningsområde og tilbakeføre til LNF.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

R117 Soppeland





Område	Området ligg sentralt på begge sider av RV13 like sør for Storå bru, Årdal.
Eigedom	Planområdet omfattar 6 ulike gardsbruk på Soppeland.138/1,2,6,14,16 og 139/7 og 33.
Kommuneplanen	Regulert masseuttak i R117 Soppeland
Føringar i Kommuneplanens arealdel	Ingen
Føringar i Kommunedelplan Byggeråstoff	Ikkje eigne føringar
Status område	Uttak ikkje igangsett
Storleik	Sjølve uttaksområdet er ca 270 daa, planområdet med randsoner/elvesone litt større
Ubebygd areal (planreserven)	270 daa

Markslag (AR5) i planreserven	Mesteparten er fulldyrka jord + noko overflatedyrka og noko skog.

Vurdering
Viser til vurdering i **planvaskdokument** for reguleringsplanar. Detaljreguleringsplanen tilfredsstiller ikkje dagens standard, og foreslås oppheva.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre området som framtidig råstoffutvinning med krav om ny reguleringsplan. Føring om at planen òg skal innehalde g/s-veg langsmed RV 13 og sikring av 50-m sone mot Storåna
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

6. Oppsummering/arealrekneskap

Det er tilrådd å ta ut totalt om lag 360 daa som i dag ligg som uttaksområde i kommuneplanen. Dette er fordelt på 6 område der dei fleste areala anten er små, ressursen er usikker eller det meste allereie er tatt ut. Samtidig er det tilrådd å ta inn tre nye områder på til saman 164 daa.

Område	**Tiltak**	**Tilråding**	**Vedtak 1.gangs handsaming**	**Arealendring uttaksområder**
103 Storhogg - Melandsmoen	Sanduttak	Ta inn	Som tilrådd	+100 daa
105/BRP5 Tjentland, Årdal	Sanduttak	Ikkje ta inn	Ta inn	+ 250 daa
BRP 1 Ingvaldstad masselager	Massemottak	Ta inn som massemottak	Som tilrådd	
BRP 2 Sandanger	Steinuttak	Ikkje ta inn	Som tilrådd	-
BRP 3 Moen, Jøsenfjorden	Sand/grus	Ta inn	Omsynssone	-
BRP 4 Laugalandsbrekka	Sand	Ta inn	Som tilrådd	+39
BRP 6 Omsynssone Riveland	Bevaring	Ikkje ta inn	Ta inn	-
BRP 7 Omsynssone Knutsvikheia	Bevaring	Ta inn	Som tilrådd	-
RS1 Kleppaheia	Steinbrot	Ta ut	Som tilrådd	-22 daa
RS3 Kåda, Randøy	Skifer	Vidareføre	Som tilrådd	
RS4 Vikemoen, Vormedalen	Sand	Ta ut	Som tilrådd	-58 daa
RS5 Litlemoen, Jøsenfjorden	Grus	Ta ut	Som tilrådd	-8,5 daa
RS6 Tysdal, Årdal	Sand	Ta ut	Som tilrådd	-134 daa
RS7 Mjølhus Hjelmeland	Steinbrot	Ta ut	Som tilrådd	-39 daa
RS8 Krossleite, Jøsenfjorden	Sand	Vidareføre	Som tilrådd	
RS9 Svadberg	Sand	Ikkje vurdert	Som tilrådd	
RS10 Mæle	Sand	Ta ut	Som tilrådd	-100 daa

R117 Soppeland	Sand	Vidareføre	Som tilrådd	
Politisk innspel Riskedal	Massemottak	-	Ta inn	
Politisk innspel Barnevik	Massemottak/næring	-	Ta inn	

7. Konsekvensutgreiing og ROS vurderingar

Her følgjer konsekvensutgreiing og ROS vurdering av innspel som er kome inn i forbindelse med rullering av kommuneplanen, samt innspel som er vidareført frå Kommunedelplan for byggeråstoff.

Innspel 103 Sanduttak – Storhogg-Melandsmoen, Jøsenfjorden





Forslagsstillar	Heidelberg Materials Tilslag AS Innspelet er òg ei vidareføring frå **Byggeråstoffplanen**
Eigar	Birgitte Selvikvåg Østerhus, Tore Geir Østerhus, Jone Vermund Vadla; Daiva Balsevice
Stad. Gnr/Bnr	27/1, 27/5, 28/6, 28/1 og 27/7
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
